


Fylkesmannen seier ja til utsleppsløyve

28.07.2007



Dei to noverande anlegga utanfor Skorpo/Eidsvikøy skal slås saman til eitt nytt.

Fylkesmannen har no sagt ja til at Sjøtroll Havbruk AS i Bekkjarvik kan få utsleppsløyve for eit nytt matfiskanlegg utanfor Skorpo i Uskedalen. Det gjeld for oppdrett av aure og laks med ein maksimal produksjon på 3.120 tonn biomasse. Saka går vidare til Fiskeridirektoratet region Vest.

Det er ein føresetnad at drifta ved dei eksisterande anlegga Eidsvikøy (1.560 tonn) og Skorpo NV (1.560 tonn) vert slege saman til eit anlegg slik at det samla sett ikkje vil verte nokon auke i biomasse i området.

Etableringa av det nye anlegget fører til at anlegget ved Eidsvikøy blir sletta medan anlegget ved Skorpo blir flytta. Formannskapet vedtok sist vinter å utsetja denne saka i påventa av at det skal utarbeidast ei analyse av avkastningen/ringverknadene av havbruksnæringa i kommunen. Det nye anlegget vil bli liggjande i eit uplanlagt område.

Fylkesmannen har vald å handsame søknaden, sjølv om den ikkje er ferdig handsama i kommunen.

Fylkesmannen ber Fiskeridirektoratet region vest om å avklare søknaden med kommunen.

Når det gjeld omsynet til ville stammar av laksefisk tilrår fylkesmannen at det vert lagt vekt på sikringstiltak mot rømming ved anlegget og likeeins tiltak for å hindre spreiling av lakselus.

Det er kommunen si oppgåve å vurdere tiltak op mot flokale interesser. Fylkesmannen har ikkje kjennskap til regionalt eller nasjonalt viktige naturvern- eller friluftsområde der anlegget skal leggjast. Det skal ligge ca. 200 meter frå land og det vil vera god plass for lokale/mindre båtar å gå på innsida av anlegget.

Djupnetihøva under anlegget varierar mellom 60 og 200 meter og på utsida av anlegget skrår botnen vidare nedover til djupner på over 400 meter. Det er relativt god straum i området og det er tilrådeleg å gje løyve til ein biomasse på 3.120 tonn meiner fylkesmannen.

Andre høringsinstansar (Mattilsynet og Kystverket) har også handsama dette prosjektet med positivt utfall.

Sjøtroll har sendt eit brev til kommunen der det blir opplyst at det for tida har 10 personer i arbeid frå Kvinnherad. Samtlige skattar til kommunen. Rekneskapen for 2006 syner at selskapet har lagt igjen halvannan million i varer og tenester i Kvinnherad. I tillegg kjem leigeinntekter til grunneigarar av Mauranger Laks AS med 360.000 kroner.

Det vert no arbeida med innføring av ei arealavgift for oppdrettsnæringa, men det er uvisst når og kor tid den er moden for å innførast. Sjøtroll har inndeia forhandling med kommunen ved ordføraren om ei frivillig ordning om økonomisk kompensasjon.

Dette kan vera ein direkte kompensasjon for kvar produsert kilo matfisk og smolt. I forhandlinga må ein koma til einighet om kva slike pengar skal gå til – til grunneigarar, lag og organisasjoner, eventuelle forskotteringar og liknande, eller direkte til kommunen, skriv Nils Arve Eidsheim i selskapet.

Ved det nye anlegget utanfor Skorpo skal Sjøtroll setja ut haustsmolt og tida for haustutsettet nærmar seg. Difor har Sjøtroll bede om at søkeren om justering/utviding av lokaliteten ved skorpo blir teke opp til ny handsaming så snart som mogeleg og ber om at saka vert handsama eller "planlova" og etter planstatus i området.

Av Ola Matti Mathisen